

## 16. Idrett og friluftsliv

### 16.1. Nokre resultat


*Medlemskapstala i Norges idrettsforbund syner framleis auke*

Også i 2011 auka talet på medlemskapar i Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF). Veksten var på over 19 300 ordinære medlemskapar, 10 000 menn og 9 300 kvinner. Ved utgangen av 2011 var det nær 1,8 millionar ordinære medlemskapar. Totalt var det om lag 2,1 medlemskapar i NIF (inkludert medlemskapar i bedriftsidrettslaga). Talet på ordinære idrettslaglag har halde seg stabilt siste året med 7 894 lag.

Sidan 2007 har medlemskapstala i NIF auka med drygt 53 000. I perioden frå 2007 til 2011 er det medlemskapane blant kvinner som har gått mest opp, med 27 500 medlemskapar, tilsvarande 4 prosent auke. Medlemskapane blant menn har auka med 26 000 i same periode, om lag 3 prosent. Frå 2010 til 2011 finn ein den største veksten, både for menn og kvinner, i aldersgruppa 20 år og eldre. Ser ein på tala frå 2007 til 2011, har den største veksten vore blant 0-12-åringane. Frå 2009 til 2010 var det nedgang i medlemskapane i aldersgruppa 13-19 år, men siste året tyder igjen på vekst i medlemskapen i lagidretten for 13-19-åringane. Frå 2010 til 2011 auka medlemskapane i denne aldersgruppa mest blant gutar, med 2 800, og blant jenter auka dei med 1 700. Fordelinga mellom kjønna er framleis stabil, med 60 prosent menn og 40 prosent kvinner også i 2011. Sjå figur 16.1 og tabell 16.

Det er til dels regionale skilnader på utviklinga i medlemskapane i lagidretten. Sidan 2007 har lag i Oslo mista godt over 27 000 medlemskapar, mens i Rogaland og Akershus har medlemskapane auka med henholdsvis 19 000 og 16 000. Fire andre fylke har hatt svak nedgang (Oppland, Vest-Agder, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal). I dei andre fylka syner tala auke, i enkelte fylke berre små endringar, i andre meir markante, til dømes i Troms med nær 9 000 fleire medlemskapar.

**Figur 16.1. Medlemskap i Norges Idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité, etter alder. 2003-2011**



Kjelde: Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité.

*52 000 klassifiserte idrettsanlegg*

Idrettsanleggsregisteret som Kulturdepartementet eig, har dei siste åra vore gjennom ei opprydding og kvalitetsheving. Nær 52 800 anlegg var i drift i 2011. Om lag 530 av desse einingane manglar framleis klassifikasjon, men tala viser at oppryddinga framleis går føre seg.

Tala i tabell 16.3 syner at det er ein auke på godt over 1 200 anlegg totalt. Sju av anlegga er nasjonalanlegg, nær 36 000 er ordinære idrettsanlegg, og 15 800 er nærmiljøanlegg. 361 anlegg hører inn under kategorien andre anlegg som inkluderer fylkesanlegg, interkommunale anlegg og riksanlegg. Dei sju nasjonale anlegga er Ullevål stadion, i Holmenkollen er det tre ulike anlegg (langrennsanlegget, hoppbakken og skiskyttaranlegget), Vikingskipet ishall på Hamar, Kvitfjell aplanlegg og Vikersund hoppcenter. I 2011 auka talet på ordinære idrettsanlegg med 360. Det blei 850 fleire nærmiljøanlegg siste året. Nærmiljøanlegg omfattar blant anna balløkker/ballbingar, ulike typar aktivitetsanlegg og miljøkart.

Talet på skianlegg (hoppbakkar) syner enda eit år med reduksjon, 59 færre enn i 2010. Frå 2007 til 2011 er det blitt 191 færre hoppbakkar i drift. Talet på skoleanlegg (gymnastikksalar) og symjehallar i drift går stadig nedover. Siste året var det ein nedgang i gymnastikksalar på 111, dei fem siste åra er det blitt 221 færre skoleanlegg. Tala for symjebasseng syner 31 færre siste året og 72 færre samanlikna med 2007. Innanfor kategorien friluftsliv er det registrert ein nedgang i turstiar siste året, på nær 90. Året før, frå 2009 til 2010 auka talet på turstiar med 200. Turkart har auka også det siste året med 19, sidan 2007 med 43 turkart. Sjå tabell 16.4.

*Friluftslivets fellesorganisasjon – fleire medlemsorganisasjonar*


Dei to siste åra er det kome til to nye medlemsorganisasjonar i Friluftslivets fellesorganisasjon (FRIFO). I 2010 blei Kristen Idrettskontakt medlem av FRIFO og i 2011 blei Norsk Kennel Klub medlem med sine 800 lokallag og nær 100 000 medlemskapar. Sjølv om nokre medlemsorganisasjonar har hatt nedgang i medlemskapane (til dømes Norges Jeger- og Fiskerforbund og Norges speiderforbund), syner tala frå FRIFO at det på slutten av 2011 var nær 695 000 medlemskapar. FRIFO har 15 medlemsorganisasjonar som er fordelt på 4 312 lokallag.

Den Norske Turistforening (DNT) er framleis den største organisasjonen med sine 242 000 medlemskapar, fordelt på 57 lokallag. Dei siste åra har det vore stor vekst i talet på medlemskapar i DNT, men i 2011 ser det ut til at denne auken har flata ut med berre 100 fleire medlemskapar. Norges Jeger- og Fiskerforbund er den nest største organisasjonen med nær 119 000 medlemskapar. Det kan virke som om interessa for denne organisasjonen er litt dalande da medlemstalet blei redusert med nær 1 400 i 2010 og 2 500 i 2011. Tabell 16.5 viser meir deltajerte FRIFO-tal.


*Åtte av ti nordmenn på fottur i skogen eller på fjellet*

Levekårsundersøkinga 2011 har kartlagt friluftaktivitetar i den norske befolkninga. 81 prosent av befolkninga over 16 år har vore på ein eller fleire kortare fotturar, mens 54 prosent har vore på ein lengre fottur i skogen eller på fjellet dei siste tolv månadene. 71 prosent av befolkninga har bada i salt- eller ferskvatn, mens 42 prosent har vore på sykkeltur i naturen (SSB 2011 a og b).

Fire av ti har vore på kortare skiturar, og dei med høg utdanning er mest aktive. Folk på bygda er dei som oftast fiskar, jaktar eller plukkar bær og sopp, mens byfolk er dei ivrigaste til å gå lange skiturar viser same kjelde (Levekårsundersøkinga 2011). Figur 16.3 viser ulike aktivitetar i 2007 og 2011 etter alder. Desse kategoriane kan samanliknast med dei tidlegare levekårsundersøkingane. Bortsett frå ridetur i naturomgivnader ser det ut til at folk i gjennomsnitt var meir aktive på alle desse aktivitetane i 2011 enn i 2007.

**Figur 16.2. Prosentdel personar som dei siste 12 månadene har drive med aktivitetar knytte til friluftsliv og mosjon. 2011**

Kjelde: Levekårsundersøkinga, Statistisk sentralbyrå.

**Figur 16.3. Prosentdel personar som dei siste 12 månadene har drive med aktivitetar knytte til friluftsliv eller trening. 2007 og 2011**

Kjelde: Levekårsundersøkinga, Statistisk sentralbyrå.

16 prosent har utført gratisarbeid for idrettslag


Levekårsundersøkinga 2011 har også kartlagt deltaking i organisasjonar i den norske befolkninga. Tabell 16.6 syner tal for kva slags forhold folk har til idrettslag. I 2011 var 27 prosent av befolkninga i alderen 16-79 år medlemmer i idrettslag. 18 prosent var aktive medlemmer og 16 prosent hadde gjort gratisarbeid for slike organisasjonar. Tala for medlemskapar og aktivitet er nokså identiske med 2007.

Menn er i større grad enn kvinner medlemmer i idrettslag. Dei er også i større grad aktive medlemmer og utfører i større grad gratisarbeid. Dette gjeld alle aldersgrupper. Aldersgruppa 16-24 år er meir aktive i idrettslag enn andre aldersgrupper. Det er gruppa 25-44 år som i størst grad utfører gratisarbeid i idrettslag, 23 prosent. Blant personar i alderen 67 år og eldre er delen som gjer slikt arbeid berre 3 prosent, 6 prosent blant menn og 1 prosent blant kvinner. Dei eldre er også i mindre grad enn andre aldersgrupper med i idrettslag.

Personar som bur i Trøndelag, er i noko større grad medlemmer i idrettslag enn personar som bur i andre landsdelar.

Prosentdel medlemmer aukar med utdanning, sjå figur 16.4. Mens det blant personar med berre grunnskole er ein prosentdel på 21 som er medlem i idrettslag, er prosentdelen 38 blant dei som har lang universitets- eller høgskoleutdanning. Ein tilsvarende fordeling gjeld delen aktive medlemmer og delen som har utført gratisarbeid. Mens 12 prosent av dei med berre grunnskoleutdanning har utført gratisarbeid for idrettslag, er delen 24 prosent blant dei med lang universitets- eller høgskoleutdanning.

**Figur 16.4. Prosentdel som er medlemmer og aktive i idrettslag og friluftslivsorganisasjonar, etter utdanning. 2011**



Kjelde: Levekårsundersøkinga, Statistisk sentralbyrå.

*15 prosent medlem i friluftslivsorganisasjonar*

Tabell 16.7 syner tal for kva slags forhold folk har til friluftslivsorganisasjonar. I 2011 var 15 prosent av befolkninga i alderen 16-79 år medlemmer i slike organisasjonar. 7 prosent var aktive medlemmer, og 3 prosent hadde gjort gratisarbeid for slike organisasjonar. Tala for medlemskapar og aktivitet er nokså like tala for 2007.

Det er særleg personar i alderen 45-66 år som er medlemmer av friluftslivsorganisasjonar, med 19 prosent. Blant personar i alderen 67 år og eldre er 9 prosent med. Det er inga aldersgruppe som peikar seg klart ut som meir aktiv i slike organisasjonar. Det same gjeld for delen som utfører gratisarbeid for slike organisasjonar. Menn er meir aktive enn kvinner. Det gjeld alle aldersgrupper. Til dømes er 24 prosent av menn i aldersgruppa 45-66 år med i slike organisasjonar, mens det blant kvinnene i same aldersgruppe er 14 prosent.

Det er ikkje nokon klare skilnader mellom personar som bur i ulike landsdelar, når det gjeld medlemskap og aktivitet i friluftslivsorganisasjonar.

Prosentdel medlemmer aukar også her med utdanning, sjå tabell 16.2. Mens det blant personar med berre grunnskole er ein prosentdel på 10 som er medlemmer i slike organisasjonar, er prosentdelen 31 blant dei som har lang universitets- eller høgskoleutdanning. Når det gjeld delen aktive medlemmer og delen som har utført gratisarbeid, er skilnadene mellom personar på ulike utdanningsnivå små.

*Kommunane brukte 2,7 milliardar kroner til idrettsformål*

KOSTRA-tala (KOSTRA, sjå kapittel 1.2 og 1.3) viser at fylkeskommunane til saman brukte 67 millionar kroner til idrett, og kommunane (medrekna Oslo) brukte 2,7 milliardar kroner til idrett i 2011 (netto driftsutgifter til idrett, funksjon 380 og idrettsanlegg funksjon 381). Dette er 30 prosent av utgiftene som kommunane har til kulturformål, litt lågare del enn i 2009. Brutto investeringsutgifter for idretten har vore om lag 3 milliardar kroner i gjennomsnitt for åra 2009-2011. Sjå tabell 16.8 og kapittel 1.3, tabell 1.3.4

Forutan dei økonomiske tala gir også KOSTRA-tala blant anna oversikt over areal for friluftslivsområde i kommunane, og areal for leik og rekreasjon.

Tabell 16.1 gir ei oversikt over desse områda i åra 2007 til 2011. Samla finst det drygt 1,5 millionar dekar (mål) friluftslivsområde med kommunal råderett gjennom offentlig eige eller bruksavtale i 2011. Det kan sjå ut som areala til desse formåla har gått ned dei siste åra.

**Tabell 16.1. Friluftslivsområde og leike- og rekreasjonsareal i kommunane. 2007-2011. Dekar**

	2007	2008 <sup>1</sup>	2009	2010	2011
Friluftslivsområde m/kommunal råderett gjennom offentlig eige eller bruksavtale .....	2 330 068	<sup>2</sup> 1 957 149	<sup>2</sup> 1 330 250	<sup>2</sup> 1 616 901	1 451 554
Samla areal for leike- og rekreasjonsareal .....	201 248	115 615	157 076	159 741	153 567

<sup>1</sup> Frå 2008 estimerte tal for landet. <sup>2</sup> Retta sidan førre utgåva.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

## 16.2. Om statistikken og organisasjonane

*Idrettsregistreringa*

Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité er det øvste organet i Noregs største interesseorganisasjon, med rundt 2,1 millionar medlemskapar fordelt på om lag 12 000 idrettslag (inkludert bedriftsidrettslag). NIF har som mål å vere den fremste bidragsytaren for å oppnå idrett for alle.

Alle opplysningane og tala i statistikken baserer seg på elektroniske rapportar frå kvar enkelt klubb som er medlem av NIF, og frå kvar særiddrettsgruppe i klubben. Rapporteringa er per 31. desember i rapporteringsåret. Medlemskapane er summen av medlemmer i kvar enkelt klubb, og ikkje talet på personar som totalt er medlemmer i den organiserte idretten. Talet på personar er lågare av di mange er medlemmer i fleire klubbar. Det har enno ikkje vore mogeleg å registrere eit totaltal på enkeltpersonar som er medlem (NIF 2012). Tala i denne publikasjonen omfattar berre statistikk over medlemskapar for dei ordinære idrettskretsane (tal for bedriftsidretten og aktivitetstala er ikkje med i statistikken).

*Idrettsanlegg.no*

Idrettsanlegg.no (Kulturdepartementets register over idrettsanlegg og søknader om spelemidlar) er eit register over alle idrettsanlegga i Noreg. Anleggsregisteret omfattar anlegg og tiltak for friluftsliv, frå dei store anlegga bygde og utforma for internasjonale meisterskapar til små balløkker og skileikanlegg. Idrettsanlegg.no inneheld eit nettbasert søknadssystem for spelemidlar til idrettsanlegg, eit register over alle idrettsanlegga i Noreg, og ein kartfunksjon som viser den grafiske plasseringa til anlegga i standart kart og flyfoto (Idrettsanlegg.no).

Anlegga for friluftsliv er også registrerte så langt det er funne formålstenleg. Alle anlegga og tiltaka for friluftsliv som har fått tilskot av spelemidlane, er registrerte. I 2011 var det drygt 65 000 anleggseiningar i registeret, men data brukt i tabell 16.3 og 16.4 baserer seg på status «eksisterande» i registeret. Anlegga er registrerte med desse data: anleggsnummer i registeret, namnet på anlegget, anleggsstad (idrettspark eller liknande), kva for ein kommune anlegget ligg i, anleggskategori (til dømes: fotballanlegg, kart, friluftsliv), anleggstype (til dømes: grasbane, orienteringskart, bade plass), karakteristiske mål, anleggsklasse (til dømes: nasjonalanlegg, kommuneanlegg/ordinære anlegg, nærmiljøanlegg), plassering

(kartkoordinatar i økonomisk kartverk) og eventuelt ombyggingsår, eigar, tildelte spelemidlar og året for tildelinga.

Anleggsregisteret vart oppretta i 1992, og sidan har opplysningar om anlegg for idrett og friluftsliv vorte registrerte inn etter kvart. Oppdatering av registeret skjer normalt ein gong i året. I 2006 og 2009-2011 er det utført ei opprydding i registeret, noko som kan gjere direkte samanlikningar med tidlegare år vanskeleg (Idrettsanlegg.no). Særleg har variabelen anleggsklasse vore utilfredsstillande registrert. Opprettinga av anleggsklasse held framleis på, sjølv om kvaliteten er blitt vesentleg heva.

*Nærmiljøanlegg:* Nærmiljøanlegg er anlegg eller område som er lagde til rette for eigenorganisert fysisk aktivitet og gjerne ligg i tilknytning til bustad- og/eller opphaldsområde. Områda skal vere fritt allment tilgjengelege og laga for eigenorganisert fysisk aktivitet, framfor alt for barn og ungdom, men også for lokalbefolkninga elles. Nærmiljøanlegg skal ikkje dekkje behovet for anlegg til organisert idrettsleg aktivitet eller ordinære konkurransar i idrett. Nærmiljøanlegg kan plasserast i tilknytning til eit skoleanlegg og/eller eit idrettsanlegg. (Kultur- og kyrkjedepartementet).

*Friluftslivets fellesorganisasjon*

Friluftslivets fellesorganisasjon, FRIFO, vart stifta i 1989 og er ein paraplyorganisasjon for dei 15 største friluftslivsorganisasjonane (i 2011) i landet, med til saman nær 695 000 medlemskapar og om lag 4 300 lokale lag og foreiningar. FRIFOs formål er å fremje det tradisjonelle, naturvennelege friluftslivet og allemannsretten (retten til fri ferdsel i norsk natur) (FRIFO).

*Levekårsundersøkingane*

Statistisk sentralbyrå gjennomfører kvart tredje år ei utvalsundersøking, der folk i alderen 9-79 år blir spurde om bruken av ulike fritidstilbod. Levekårsundersøkinga EU-SILC blir gjennomført årleg. Frå og med 2011 utgjer undersøkinga ein årleg fast kjerne av spørsmål og temabolkar med varierende tema. Tema blir tekne oppatt med ein syklus på tre år. I 2011 er tema friluftsliv, organisasjonsaktivitet, politisk deltaking og sosialt nettverk. I 2012 er tema bustad og buforhold. I 2013 er tema kulturbruk, idrett og fysisk aktivitet.

I Levekårsundersøkinga 2011 er det tidsbrudd i måling av friluftsliv. I 2011 er enkelte friluftslivsaktivitetar tekne bort og nokre av spørsmåla er endra noko i høve til åra 1997-2007. Først og fremst er lengda på enkelte aktivitetar endra. Tidlegare gjorde ein skilnad mellom dagstur og tur med overnatting, no skil ein mellom kort og lang tur (over/under tre timar). I tillegg til dette er innsamlingsmetoden endra. Tidlegare var dette temaet innhenta postalt, mens det i 2011-undersøkinga er samla inn via telefonintervju. Sjå Levekårsundersøkinga 2011 – friluftsliv.

**Referansar**

FRIFO - Friluftslivets fellesorganisasjon: (<http://www.frifo.no>)

Idrettsanlegg.no: (<http://www.idrettsanlegg.no>)

Kultur- og kyrkjedepartementet: «Spelemidlar til ordinære nærmiljøanlegg – 2005 (V-0795 B)».

([http://www.regjeringen.no/upload/kilde/kkd/bro/2006/0004/ddd/pdfv/253506-v-0795-n\\_2005\\_a4odin.pdf](http://www.regjeringen.no/upload/kilde/kkd/bro/2006/0004/ddd/pdfv/253506-v-0795-n_2005_a4odin.pdf))

NIF - Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (2012):

*Årsrapport 2011*. (<http://www.idrett.no/omnif/Sider/aarsrapport.aspx>)

(SSB 2011 a) Statistisk sentralbyrå (8. desember 2011): «4 av 10 utfører gratisarbeid». (<http://www.ssb.no/orgakt>)

(SSB 2011 b) Statistisk sentralbyrå (19. desember 2011): «Høyt utdannede går mest på ski». (<http://www.ssb.no/fritid/>)

**Meir informasjon**

Statistisk sentralbyrå (19. desember 2011): «Høyt utdannede går mest på ski».  
(<http://www.ssb.no/fritid/>)

Statistisk sentralbyrå (8. desember 2011): «4 av 10 utfører gratisarbeid».  
(<http://www.ssb.no/orgakt>)

Statistisk sentralbyrå (2012): *Kulturstatistikk 2010*, Statistiske analysar 127.  
(<http://www.ssb.no/publikasjoner/>)

Vaage, Odd Frank (2009): *Norsk kulturbarometer 2008*, Statistiske analysar 107,  
Statistisk sentralbyrå. (<http://www.ssb.no/kulturbar>)

Vaage, Odd Frank (2009): *Kultur- og mediebruk blant personer med innvandrerbakgrunn*, Rapport 2009/29, Statistisk sentralbyrå.  
([http://www.ssb.no/emner/07/02/rapp\\_200929](http://www.ssb.no/emner/07/02/rapp_200929))

Kulturdepartementet: Idrett.  
(<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kud/tema/idrett.html>)

Tabell 16.2. Talet på lag og medlemskap, etter idrettskrins. 2001-2011

	Talet på lag		Medlemskap <sup>1</sup>							
			I alt				Kvinner			
	I alt	I alt	0-12 år	13-19 år	20- år	I alt	0-12 år	13-19 år	20- år	
2001 .....	7 136	1 430 597	880 658	214 268	151 983	514 407	549 939	162 050	105 199	282 690
2002 .....	7 292	1 534 868	945 645	238 936	169 299	537 410	589 223	182 895	118 250	288 078
2003 .....	7 531	1 579 550	975 016	250 267	176 490	548 259	604 534	190 571	122 714	291 249
2004 .....	7 633	1 649 311	1 008 923	258 629	182 892	567 402	640 388	204 094	131 704	304 590
2005 .....	7 791	1 675 737	1 018 786	265 888	187 810	565 088	656 951	211 619	136 842	308 490
2006 .....	7 870	1 701 153	1 028 524	271 278	186 601	570 645	672 629	220 699	138 241	313 689
2007 .....	7 725	1 738 086	1 047 103	275 608	188 242	583 253	690 983	222 743	139 818	328 422
2008 .....	7 760	1 770 720	1 059 933	276 787	188 906	594 240	710 787	226 673	141 748	342 366
2009 .....	7 813	1 758 229	1 050 413	281 904	186 578	581 931	707 816	233 203	140 594	334 019
2010 .....	7 894	1 771 961	1 062 766	287 429	185 076	590 261	709 195	236 332	137 743	335 120
2011 .....	7 894	1 791 297	1 072 816	289 917	187 875	595 024	718 481	240 661	139 443	338 377
<b>Idrettskrins</b>										
Østfold .....	407	85 947	54 792	11 942	8 089	34 761	31 155	9 069	5 635	16 451
Akershus .....	659	228 418	140 402	39 803	25 044	75 555	88 016	30 680	17 671	39 665
Oslo .....	633	189 095	118 893	34 514	19 298	65 081	70 202	23 944	11 580	34 678
Hedmark .....	373	80 242	47 480	13 636	8 431	25 413	32 762	12 080	6 450	14 232
Oppland .....	400	77 135	44 175	11 837	7 202	25 136	32 960	10 364	5 744	16 852
Buskerud .....	382	93 964	57 704	12 715	9 758	35 231	36 260	10 419	7 086	18 755
Vestfold .....	298	75 256	47 200	11 119	7 772	28 309	28 056	8 593	5 225	14 238
Telemark .....	306	60 151	35 293	9 192	5 978	20 123	24 858	8 187	4 478	12 193
Aust-Agder .....	179	39 327	23 365	6 339	4 005	13 021	15 962	4 843	3 136	7 983
Vest-Agder .....	257	53 083	31 888	8 506	5 875	17 507	21 195	7 141	4 389	9 665
Rogaland .....	563	148 072	87 614	26 929	15 968	44 717	60 458	24 560	12 578	23 320
Hordaland .....	808	170 146	101 527	28 992	19 184	53 351	68 619	25 730	14 271	28 618
Sogn og Fjordane .....	188	44 182	24 607	5 809	4 514	14 284	19 575	5 123	3 856	10 596
Møre og Romsdal .....	499	94 608	55 343	13 622	9 614	32 107	39 265	11 983	7 764	19 518
Sør-Trøndelag .....	521	132 453	77 524	18 721	13 817	44 986	54 929	16 105	10 976	27 848
Nord-Trøndelag .....	298	62 540	35 191	9 594	6 838	18 759	27 349	8 524	5 378	13 447
Nordland .....	534	69 931	40 292	12 298	7 602	20 392	29 639	10 829	6 132	12 678
Troms Romsa .....	391	58 273	33 428	10 047	6 065	17 316	24 845	8 429	4 744	11 672
Finmark Finnmarku ...	198	28 474	16 098	4 302	2 821	8 975	12 376	4 058	2 350	5 968

<sup>1</sup> Medlemskapsoversikta viser summen av medlemmer i kvar enkelt klubb, ikkje talet på personar totalt som er medlem i den organiserte idretten. Dette talet vil vere mykje lågare fordi mange har medlemskap i fleire klubbar. Det er enno ikkje mogleg å registrere eit totalt tal på enkeltpersonar som er medlem i den organiserte idretten.

Kjelde: Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité.



Tabell 16.3. Talet på anlegg, etter klassifikasjon og fylke. 2004-2011

	I alt	Nasjonal-anlegg	Ordinære idrettsanlegg	Nærmiljø-anlegg	Andre anlegg <sup>1</sup>
2004 .....	40 122	5	28 489	11 628	..
2005 .....	42 526	5	30 146	12 375	..
2006 .....	43 718	5	30 479	13 234	..
2007 .....	43 911	5	30 343	13 563	..
2008 .....	44 168	5	30 417	13 746	..
2009 <sup>2</sup> .....	49 326	6	34 150	14 769	401
2010 <sup>3</sup> .....	50 990	6	35 616	15 027	341
2011 <sup>4</sup> .....	52 223	7	35 974	15 881	361
<b>Fylke</b>					
Østfold .....	2 195	-	1 537	657	1
Akershus .....	3 988	-	2 670	1 291	27
Oslo .....	2 116	4	1 306	804	2
Hedmark .....	3 395	1	2 569	824	1
Oppland .....	3 205	1	2 403	797	4
Buskerud .....	3 350	1	2 514	835	0
Vestfold .....	2 104	-	1 477	620	7
Telemark .....	2 240	-	1 566	619	55
Aust-Agder .....	1 751	-	1 159	573	19
Vest-Agder .....	2 559	-	1 594	947	18
Rogaland .....	3 694	-	2 187	1 489	18
Hordaland .....	4 222	-	2 642	1 550	30
Sogn og Fjordane .....	2 268	-	1 475	772	21
Møre og Romsdal .....	3 835	-	2 773	1 035	27
Sør-Trøndelag .....	2 855	-	2 024	781	50
Nord-Trøndelag .....	2 404	-	1 673	668	63
Nordland .....	3 337	-	2 384	939	14
Troms Romsa .....	1 865	-	1 323	540	2
Finmark Finnmarku .....	832	-	691	139	2
Svalbard .....	8	-	7	1	-

<sup>1</sup> Inkluderer fylkesanlegg og riksanlegg, samt interkommunale anlegg frå 2011. <sup>2</sup> Tala er produserte per 31.10.2010 og omfattar eksisterande anlegg som er i drift. <sup>3</sup> Tala er produserte per februar 2012 og omfattar eksisterande anlegg som er i drift. <sup>4</sup> Tala er produserte per februar 2012 og omfattar eksisterande anlegg som er i drift.

Kjelde: Kulturdepartementet.

Tabell 16.4. Tal på anlegg og innbyggjarar per anlegg for nokre utvalde anleggstypar. 2006-2011

Type anlegg	2006		2007		2008		2009		2010		2011	
	Einingar	Innbyggjarar per anlegg	Einingar	Innbyggjarar per anlegg	Einingar	Innbyggjarar per anlegg	Einingar <sup>1</sup>	Innbyggjarar per anlegg	Einingar <sup>2</sup>	Innbyggjarar per anlegg	Einingar <sup>3</sup>	Innbyggjarar per anlegg
<b>Skianlegg i alt</b> .....	<b>4 051</b>	<b>1 145</b>	<b>4 050</b>	<b>1 156</b>	<b>3 992</b>	<b>1 187</b>	<b>3 943</b>	<b>1 232</b>	<b>3 878</b>	<b>1 269</b>	<b>3 793</b>	<b>1 314</b>
Alpinbakkar .....	576	8 056	575	8 141	574	8 253	564	8 614	564	8 724	555	8 984
Hoppbakkar .....	961	4 829	949	4 933	904	5 240	883	5 502	817	6 022	758	6 578
Skiløyper .....	2 514	1 846	2 526	1 853	2 514	1 884	2 496	1 946	2 497	1 970	2 480	2 010
<b>Friluftsliv i alt</b> .....	<b>2 873</b>	<b>1 615</b>	<b>2 927</b>	<b>1 599</b>	<b>2 939</b>	<b>1 612</b>	<b>3 038</b>	<b>1 599</b>	<b>3 244</b>	<b>1 517</b>	<b>3 174</b>	<b>1 571</b>
Tursti .....	2 637	1 760	2 681	1 746	2 693	1 759	2 776	1 750	2 974	1 654	2 885	1 728
Turkart .....	236	19 662	246	19 029	246	19 257	262	18 543	270	18 223	289	17 252
<b>Fotballanlegg i alt</b> .....	<b>4 782</b>	<b>970</b>	<b>4 639</b>	<b>1 009</b>	<b>4 659</b>	<b>1 017</b>	<b>4 676</b>	<b>1 039</b>	<b>4 690</b>	<b>1 049</b>	<b>4 630</b>	<b>1 077</b>
Fotballbaner .....	4 737	980	4 591	1 020	4 609	1 028	4 626	1 050	4 641	1 060	4 578	1 089
Fotballhallar .....	45	103 116	48	97 524	50	94 743	50	97 164	49	100 414	52	95 882
<b>Friidrettsanlegg i alt</b> ..	<b>1 003</b>	<b>4 626</b>	<b>1 002</b>	<b>4 672</b>	<b>993</b>	<b>4 771</b>	<b>976</b>	<b>4 978</b>	<b>992</b>	<b>4 960</b>	<b>953</b>	<b>5 232</b>
Fast dekke .....	122	38 035	125	37 449	123	38 514	129	37 660	129	38 142	129	38 650
Grusdekke .....	508	9 134	502	9 325	492	9 628	472	10 293	484	10 166	463	10 769
Delanlegg .....	373	12 440	376	12 450	378	12 532	375	12 955	379	12 982	361	13 811
<b>Hestesportanlegg</b> .....	<b>300</b>	<b>15 467</b>	<b>302</b>	<b>15 500</b>	<b>316</b>	<b>14 991</b>	<b>331</b>	<b>14 677</b>	<b>334</b>	<b>14 731</b>	<b>342</b>	<b>14 579</b>
Ridebaner .....	207	22 417	209	22 398	219	21 631	222	21 884	221	22 264	222	22 459
Ridehallar .....	93	49 895	93	50 335	97	48 837	109	44 571	113	43 543	120	41 549
<b>Isanlegg</b> .....	<b>59</b>	<b>78 648</b>	<b>58</b>	<b>80 709</b>	<b>60</b>	<b>78 953</b>	<b>64</b>	<b>75 909</b>	<b>65</b>	<b>75 697</b>	<b>68</b>	<b>73 322</b>
Ishallar .....	38	122 111	38	123 188	39	121 466	42	115 671	42	117 150	45	110 797
Hurtigløpsbaner (kunstis) .....	13	356 940	12	390 095	12	394 764	13	373 708	13	378 485	13	383 528
Bandybaner (kunstis) ..	8	580 027	8	585 142	9	526 352	9	539 800	10	492 031	10	498 587
<b>Idrettshallar</b> .....	<b>804</b>	<b>5 771</b>	<b>814</b>	<b>5 751</b>	<b>834</b>	<b>5 680</b>	<b>807</b>	<b>6 020</b>	<b>818</b>	<b>6 015</b>	<b>834</b>	<b>5 978</b>
Fleirbrukshallar .....	804	5 771	814	5 751	834	5 680	807	6 020	818	6 015	834	5 978
<b>Skoleanlegg</b> .....	<b>3 001</b>	<b>1 546</b>	<b>2 985</b>	<b>1 568</b>	<b>2 965</b>	<b>1 598</b>	<b>2 891</b>	<b>1 680</b>	<b>2 875</b>	<b>1 711</b>	<b>2 764</b>	<b>1 804</b>
Gymnastikksalar .....	3 001	1 546	2 985	1 568	2 965	1 598	2 891	1 680	2 875	1 711	2 764	1 804
<b>Nærmiljøanlegg</b> .....	<b>10 396</b>	<b>446</b>	<b>10 560</b>	<b>443</b>	<b>10 829</b>	<b>437</b>	<b>11 441</b>	<b>425</b>	<b>11 383</b>	<b>432</b>	<b>11 945</b>	<b>417</b>
Balløkker/ballbingar .....	5 055	918	5 131	912	5 205	910	5 413	898	5 399	911	5 539	900
Aktivitetsanlegg .....	4 222	1 099	4 278	1 094	4 476	1 058	4 852	1 001	4 809	1 023	5 199	959
Skolekart/nærmiljøkart ..	1 119	4 147	1 151	4 067	1 148	4 126	1 176	4 131	1 175	4 187	1 207	4 131
<b>Symjehallar</b> .....	<b>1 117</b>	<b>4 154</b>	<b>1 112</b>	<b>4 210</b>	<b>1 119</b>	<b>4 233</b>	<b>1 082</b>	<b>4 490</b>	<b>1 067</b>	<b>4 611</b>	<b>1 034</b>	<b>4 822</b>
Symjebasseng .....	1 046	4 436	1 041	4 497	1 047	4 525	1 015	4 786	1 000	4 920	969	5 145
Utandørs symjeanlegg ..	71	65 355	71	65 931	72	65 794	67	72 510	67	73 437	65	76 706
<b>Golfbaner</b> .....	<b>162</b>	<b>28 643</b>	<b>163</b>	<b>28 719</b>	<b>162</b>	<b>29 242</b>	<b>108</b>	<b>44 983</b>	<b>114</b>	<b>43 161</b>	<b>122</b>	<b>40 868</b>
18 hol .....	57	81 407	58	80 709	56	84 592	46	105 613	47	104 687	50	99 717
9 hol .....	76	61 056	77	60 794	84	56 395	56	86 754	59	83 395	62	80 417
6 hol .....	29	160 008	28	167 183	22	215 326	6	809 700	8	615 038	10	498 587
<b>Orientering</b> .....	<b>3 446</b>	<b>1 347</b>	<b>3 467</b>	<b>1 350</b>	<b>3 449</b>	<b>1 373</b>	<b>3 466</b>	<b>1 402</b>	<b>3 470</b>	<b>1 418</b>	<b>3 476</b>	<b>1 434</b>
Orienteringskart .....	3 418	1 358	3 439	1 361	3 421	1 385	3 438	1 413	3 442	1 429	3 448	1 446
Skiorienteringskart .....	28	165 722	28	167 183	28	169 185	28	173 507	28	175 725	28	178 067

<sup>1</sup> Gjeld eksisterande anlegg per 31.10.2010. <sup>2</sup> Gjeld eksisterande anlegg i drift per februar 2011. <sup>3</sup> Gjeld eksisterande anlegg i drift per februar 2012.

Kjelde: Kulturdepartementet.

Tabell 16.5. Friluftslivets fellesorganisasjon (FRIFO). Lokallag og medlemskap. 2007-2011

	2007		2008		2009		2010		2011	
	Lokallag	Medlem- skap	Lokallag	Medlem- skap	Lokallag	Medlem- skap	Lokallag	Medlem- skap	Lokallag	Medlem- skap
<b>Heile landet</b> .....	<b>3 580</b>	<b>526 707</b>	<b>3 494</b>	<b>539 151</b>	<b>3 432</b>	<b>556 711</b>	<b><sup>6</sup>3 623</b>	<b>587 682</b>	<b>4 312</b>	<b>694 616</b>
Den Norske Turistforening .....	55	215 000	56	222 291	56	231 783	<sup>6</sup> 56	241 520	57	241 620
Forbundet Kysten <sup>3</sup> .....	111	8 612	114	8 910	116	9 285	116	9 336	116	9 557
Skiforeningen .....	8	49 310	8	48 646	8	50 362	8	57 731	8	64 251
Norges Jeger- og Fiskerforbund .....	575	110 710	577	117 864	574	122 603	567	121 223	572	118 675
Norges folkesportforbund .....	280	20 000	268	20 000	243	20 000	236	20 000	221	20 000
KFUK-KFUM-speiderne .....	266	13 095	256	12 212	<sup>2</sup> 244	11 858	249	12 285	241	11 321
Norges Klatreforbund <sup>1</sup> .....	176	11 300	176	11 520	180	12 051	162	12 583	177	15 661
Norges orienteringsforbund ....	399	24 285	397	23 120	397	22 465	386	23 169	378	22 388
Norges Padleforbund .....	100	13 500	110	14 439	105	16 313	104	15 656	107	15 897
Norges Røde Kors Hjelpekorps	320	14 000	307	13 395	306	14 132	320	12 000	307	14 118
Norges speiderforbund .....	604	18 079	550	19 531	546	18 576	552	20 216	381	18 273
Norske 4H .....	671	17 360	659	16 314	647	16 683	635	16 663	626	16 622
Syklistenes landsforening .....	15	11 456	16	10 909	10	10 600	12	11 000	12	12 000
Kristen Idrettskontakt <sup>4</sup> .....	-	-	-	-	-	-	220	14 300	310	14 475
Norsk Kennel Klub <sup>5</sup> .....	-	-	-	-	-	-	-	-	799	99 758

<sup>1</sup> Ny medlem 2003. <sup>2</sup> Nedgangen i lokale lag kjem av samanslåinga av KFUK- og KFUM-speidarane. <sup>3</sup> Ny medlem 2006. <sup>4</sup> Ny medlem 2010. <sup>5</sup> Ny medlem 2011.

<sup>6</sup> Retta sidan førre utgåva.

Kjelde: Friluftslivets fellesorganisasjon (FRIFO).

Tabell 16.6. Prosentdel som er medlemmer og aktive i idrettslag, etter kjønn, alder og landsdel. 2001-2011

	Medlemmer i idrettslag				Aktive i idrettslag				Del av befolkninga som utfører gratisarbeid for friluftorganisasjonar <sup>1</sup> 2011
	2001	2004	2007	2011	2001	2004	2007	2011	
	<b>Begge kjønn</b> .....	<b>27</b>	<b>26</b>	<b>26</b>	<b>27</b>	<b>18</b>	<b>18</b>	<b>18</b>	
16-24 år .....	29	33	37	31	26	28	33	27	15
25-44 " .....	32	31	28	29	24	24	21	21	23
45-66 " .....	27	23	26	29	14	13	16	17	16
67- " .....	13	13	13	15	4	6	3	5	3
<b>Menn i alt</b> .....	<b>32</b>	<b>31</b>	<b>32</b>	<b>33</b>	<b>22</b>	<b>21</b>	<b>22</b>	<b>22</b>	<b>20</b>
16-24 år .....	32	34	43	36	30	27	37	30	19
25-44 " .....	36	37	30	33	28	28	23	25	23
45-66 " .....	34	28	33	35	19	14	21	21	22
67- " .....	21	22	20	24	7	9	6	8	6
<b>Kvinner i alt</b> .....	<b>22</b>	<b>21</b>	<b>21</b>	<b>21</b>	<b>15</b>	<b>16</b>	<b>14</b>	<b>14</b>	<b>13</b>
16-24 år .....	26	32	31	25	23	29	28	24	11
25-44 " .....	29	25	26	24	21	19	18	17	23
45-66 " .....	20	18	18	23	10	12	11	13	10
67- " .....	6	5	6	9	2	3	1	3	1
<b>Heile landet</b> .....	<b>27</b>	<b>26</b>	<b>26</b>	<b>27</b>	<b>18</b>	<b>18</b>	<b>18</b>	<b>18</b>	<b>16</b>
Oslo/Akershus .....	27	26	25	27	19	18	18	19	15
Austlandet elles .....	28	26	27	26	19	17	19	17	17
Agder og Rogaland .....	24	25	26	24	18	20	19	17	14
Vestlandet .....	26	28	25	26	18	19	14	17	17
Trøndelag .....	35	31	32	36	21	20	22	22	21
Nord-Noreg .....	22	23	24	27	15	16	17	18	17

<sup>1</sup> 2011 viser tala del av befolkninga som utførte gratisarbeid. Frå 1998 til 2007 viste tala delen medlemmer som utførte gratisarbeid.

Kjelde: Levekårsundersøkinga, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 16.7. Prosentdel som er medlemmer og aktive i friluftslivsorganisasjonar, etter kjønn, alder og landsdel. 2001-2011

	Medlemmer				Aktive				Del av befolkninga som utfører gratisarbeid for friluftorganisasjonar <sup>1</sup>
	2001	2004	2007	2011	2001	2004	2007	2011	
<b>Begge kjønn</b> .....	<b>14</b>	<b>14</b>	<b>14</b>	<b>15</b>	<b>7</b>	<b>6</b>	<b>7</b>	<b>7</b>	<b>3</b>
16-24 år .....	11	10	10	12	5	5	4	8	1
25-44 " .....	15	14	14	15	7	6	7	7	3
45-66 " .....	19	17	18	19	8	8	9	9	3
67- " .....	7	9	7	9	3	4	3	5	2
<b>Menn i alt</b> .....	<b>21</b>	<b>19</b>	<b>18</b>	<b>20</b>	<b>10</b>	<b>9</b>	<b>9</b>	<b>10</b>	<b>4</b>
16-24 år .....	16	13	12	13	7	6	6	9	2
25-44 " .....	22	18	19	19	11	9	10	9	4
45-66 " .....	26	23	23	24	11	11	12	11	5
67- " .....	13	16	9	15	7	8	4	8	3
<b>Kvinner i alt</b> .....	<b>8</b>	<b>9</b>	<b>10</b>	<b>11</b>	<b>4</b>	<b>4</b>	<b>4</b>	<b>5</b>	<b>1</b>
16-24 år .....	6	8	9	10	4	4	4	6	1
25-44 " .....	9	10	8	11	4	4	4	4	2
45-66 " .....	12	10	13	14	5	5	6	6	1
67- " .....	3	3	4	5	1	1	2	3	1
<b>Heile landet</b> .....	<b>14</b>	<b>14</b>	<b>14</b>	<b>15</b>	<b>7</b>	<b>6</b>	<b>7</b>	<b>7</b>	<b>3</b>
Oslo/Akershus .....	16	17	15	17	6	7	7	6	2
Austlandet elles .....	15	14	15	16	7	5	8	8	4
Agder og Rogaland .....	13	12	11	13	6	7	6	6	2
Vestlandet .....	12	13	10	15	6	7	6	8	2
Trøndelag .....	17	12	19	14	10	6	7	7	2
Nord-Noreg .....	14	13	12	15	7	8	5	7	2

<sup>1</sup> I 2011 viser tala del av befolkninga som utførte gratisarbeid. Frå 1998 til 2007 viste tala delen medlemmer som utførte gratisarbeid.

Kjelde: Levekårsundersøkinga, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 16.8. Netto driftsutgifter og brutto investeringsutgifter for kommunekonsern til idrett, etter fylke. 2008-2011

	Netto driftsutgifter funksjon 380 Idrett	Netto driftsutgifter funksjon 381 Idrettsanlegg	Netto driftsutgifter funksjonen 380 og 381, idrett. Prosent av totale netto driftsutgifter til kulturformål	Brutto investeringsutgifter funksjon 380 Idrett	Brutto investeringsutgifter funksjon 381 Idrettsanlegg
	Millionar kroner		Prosent	Millionar kroner	
2008 .....	1 316,9	718,8	27,3	1 020,3	1 503,2
2009 .....	945,5	1 210,1	28,0	703,1	2 605,6
2010 .....	801,8	1 796,3	30,5	357,4	3 077,9
2011 .....	823,9	1 837,1	29,9	315,2	2 809,4
<b>2011</b>					
Østfold .....	30,1	81,7	29,9	15,4	82,0
Akershus .....	85,0	212,5	35,3	14,8	475,2
Oslo .....	-35,0	515,6	35,3	0,2	193,3
Hedmark .....	70,2	25,4	29,5	24,9	75,0
Oppland .....	51,1	35,7	27,9	38,2	126,4
Buskerud .....	40,2	68,9	26,6	14,4	58,0
Vestfold .....	37,2	60,7	28,8	9,3	67,5
Telemark .....	67,6	54,2	31,5	1,7	17,3
Aust-Agder .....	21,2	23,9	22,6	3,5	135,3
Vest-Agder .....	24,5	59,0	24,8	8,5	301,1
Rogaland .....	68,1	166,5	25,8	3,9	300,5
Hordaland .....	99,4	168,3	31,7	38,1	343,6
Sogn og Fjordane .....	22,8	34,4	31,0	24,5	79,6
Møre og Romsdal .....	40,0	65,0	25,8	17,5	77,6
Sør-Trøndelag .....	68,4	95,4	30,7	3,4	120,3
Nord-Trøndelag .....	21,2	28,3	23,3	3,2	176,2
Nordland .....	47,3	57,2	25,0	58,4	77,1
Troms Romsa .....	38,3	43,2	27,1	32,6	76,2
Finmark Finnmarku .....	26,2	41,3	32,9	2,9	27,1

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.